

Dag og Tid, 20. juli 2002

Passiv språklæring

Curt Rice
professor i språkvitenskap
Universitetet i Tromsø

Debatten om dei norske skriftssystema har køyrt seg fast i gamle spor. Det finst berre to standpunkt, og ingen av dei er av ny dato. Nokre insisterer på at norske born må ha kompetanse til å skriva både bokmål og nynorsk, medan andre tykkjer at det held med berre den eine målforma.

Når språkforskarar snakkar om språkkompetanse, skil me mellom aktiv kompetanse og passiv kompetanse. Eg vil våga den påstanden at dette skiljet kan leggjast til grunn for eit alternativt standpunkt i den utmødde debatten om skriftnormer i Noreg.

Aktiv kompetanse i eit språk tyder at ein person er i stand til å snakka språket. Passiv kompetanse tyder at ein kan skjønna språket utan naudsynleg å vera i stand til å snakka det.

Passiv kompetanse oppstår i situasjonar der det er viktig å forstå eit språk, men ikkje naudsynt å snakka det. Den skandinaviske situasjonen illustrerer denne skilnaden fint.

Folk som veks opp i Noreg, lærer å snakka norsk. Undervegs lærer dei òg å forstå svensk. Men me lærer ikkje eigentleg å snakka svensk. Me kan etterlikna tonefall og seia *jag* og *inte*, men kor mange av oss veit at det svenske substantivet *våg* 'vekt'

vert *vågarna* i bunden form fleirtal, medan substantivet *våg* 'bylgje' får ein annan vokal og vert *vågorna*?

Likevel, passiv språkkompetanse kjem ikkje av seg sjølv. Innvandrarar som kan norsk godt, kan framleis finna det vanskeleg å forstå svensk. Dette kjem av at passiv språkkompetanse må tileignast, og tileigninga skjer når ein vert utsett for det aktuelle språket. Innvandrarar kan ha vorte mindre utsette for svensk, og dermed har dei òg mindre av passiv kompetanse i språket.

Korleis kan skiljet mellom aktiv og passiv språkkompetanse koma til nytte i debatten om dei norske skriftnormene? Kva om vi ser på stoda til talemålet som modell for skriftspråket?

I dag kan alle i Noreg snakka sin varietet av språket, og alle må læra seg å forstå andre varietetar enn den eigne. Denne passivkompetansen ein har i andre dialektar får ein berre ved å verta utsette for dei andre dialektane, og når me høyrer dialektar som me ikkje er vane med, tek det ei lita stund for øyroy våre å stilla seg inn.

Eit skriftspråkpolitisk mål inspirert av dette vil være at alle skal kunna skriva den norske målforma som dei føretrekkjer, og samstundes ha rett til å verta forstått.

Lat oss då tenkja oss at me krev av elevane at dei skal læra aktivt éin skriftdialekt, akkurat som dei lærer seg aktivt éin munnleg dialekt, og at dei lærer seg passivt den andre skriftdialekten, også her som i talemålet.

Korleis kan skulane setja ut i livet ein

politikk som krev at elevane skal til-eigna seg passiv kompetanse i ein skriftvarietet? Sidan ein oppnår passiv kompetanse ved å verta utsett for ein varietet, vil oppgåva til skulen verta å utsetja elevane for den andre skriftnorma. For å lukkast kan ikkje dette vera avgrensa til einskilde norsktimar, jamvel om norsktimar sjølv sagt vil vera forumet for å taka opp både historia til målformene og særtrekka deira.

Elevane må møta begge skriftnormene gjennom heile skuledagen, og i mange ulike situasjonar. Dette vil til dømes innebera at ein skule som underviser i aktiv bokmålskompetanse, kan bruka nynorske biologibøker. Skular som underviser i aktiv nynorskkompetanse, kan bruka geografibøker på bokmål.

Korleis kan me prøva elevane i den passive kompetansen sin? Me treng ikkje gjera det, ikkje noko meir enn at me treng å prøva dei i den passive kompetansen i norske dialektar som ikkje er deira eigen dialekt. Ein elev som skriv bokmål og har ei nynorsk biologibok, røper den passive nynorskkompetansen sin under biologiekksamnen. Elevane må forstå eit fagstoff, medan kompetansen deira i det språket som fagstoffet er skriva på, kjem til synes i korleis dei meistarar substansen i det fagstoffet.

Ein strategi som denne kan lukkast dersom anarkiet i munnleg norsk vert overført til dei skriftlege varietetane som norsk har. Akkurat som me risikerer å møta kva som helst dialekt når ein norsktalande opnar munnen sin, må det òg verta slik at me risikerer å møta kva som helst målform når me skal lesa noko. For å bu elevane på dette bør dei ideelt verta utsette like mykje for kvar av

målformene.

Dersom me kan skapa ein situasjon der elevane er nøydde til å godtaka begge skriftnormene for å få tilgang til innhaldet i utdanninga si, så vil me òg lukkast i å læra dei passiv språkkompetanse i desse. Når me gjer dette, kan kvar einskild skriva akkurat som han eller ho vil, og likevel rekna med å verta forstått.

Norske born finn fram i dei munnlege dialektane fordi dei ynskjer å forstå kva som vert sagt. Ei passiv forståing av ulike skriftlege varietetar vil oppstå på same måten, gjennom å verta utsette for dei, og gjennom ynskjet om å forstå.

Og med eit slikt ynskje, så kan me kanskje få denne debatten ut av dei gamle spora sine.